



Kos ved sjøkanten i kveld

**Ikveld har det vore 45 på spansk aften hos Systrene Nilsen og det betyr at desse kveldane med servering av særprega spanske delikatessar har medvind. Sist torsdag møtte det berre rundt 20 på den fyrste spanske aften. Men samstundes held dei tradisjonelle skaldyrkveldane sin posisjon.**

Faktisk var det fullt hus torsdag med 110 innanfor dørene, opplysar dagleg leiar Karoline Neset til [uskedalen.no](http://uskedalen.no)

Ho og personalet hadde i kveld si fullle hyre med å halda tritt med bestillingane. Dei fleste gjestane var feriefolk utanfrå.

Og laurdag ettermiddag er det allsong ved sjøkanten leia av dei lokale trubadurane Kristian og Reidar.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen